

Vik skule og barnehage  
5568 Vikebygd  
Tlf. Skule: 53655730  
Barnehage: 53655739  
Dato: 15.09.15



## Referat frå møte i samarbeidsutvalet Vik skule og barnehage 15.09.15

Desse møtte:

2 elevrepresentantar: Askev W. Julsrud og Martine R. Bjørnevik

Frå FAU på skulen: Gudvin Hetland

Frå undervisningspersonalet: Signe Birkeland

Frå foreldrerådet i barnehagen: Lina Fisk Eide

Frå tilsette i barnehagen: Ellen Skretteberg og Anne Byrkja

For kommunen : Anne Marte W. Tveit

Meldt forfall: Vidar Samland, Tove Larsen og Cathrine H. Tindeland

### SAKSLISTE:

#### **Sak 1 Orientering om arbeidet i samarbeidsutvalet**

Ved kvar skule skal det vere eit samarbeidsutval med representantar frå tilsette, foreldre, elevar og kommunen. Ved Vik skule og barnehage er det felles samarbeidsutval for skulen og barnehagen. Anne Marte orienterte om arbeidet i samarbeidsutvalet (SU). SU har rett til å uttala seg om alle saker som gjeld skulen eller barnehagen. Det er SU som er høyringsinstans for saker frå kommunen.

#### **Sak 2 Konstituering Val av leiar og nestleiar.**

Gudvin Hetland blei valt til leiar

Lina Fisk Eide blei valt til nestleiar

#### **Sak 3 Godkjenning av årsplan for barnehagen**

Anne Byrkja gjekk gjennom årsplanen for barnehagen. Ho orienterte mellom anna om prosjektet "Vere saman". Alle tilsette i dei kommunale barnehagane er med på eit stort satsingsområde der dei lærer og trenar på korleis dei kan vera ennå betre «varme og grensesettande vaksne» i sine barnehagar. Det kom kommentarar/forslag til endring på desse sakene:

- Under gjennomgang av årshjulet i kptl. 2 blei det tatt opp at ein ynskjer **felles planleggingsdagar for skulen og barnehagen**. Foreldra må ta unødig mykje fri frå jobb når det er ulike planleggingsdagar på skulen og i barnehagen. Ein kan t.d. ikkje få ordne seg med å leige ungdommar til barnepass når dei er på skulen når det er planleggingsdag i barnehagen. Kommunen bør klare å få dette til.
- Under gjennomgang av kptl. 7, Overgang skule – barnehage, kom det fram forslag om at **SFO-leiar også, for dei barna det gjeld, bør vere med på overgangsmøte mellom skule og barnehage**. Under pkt. 5.7 i innskrivings skjema for skulen bør det då stå at også SFO kan få opplysningar frå barnehagen.

Årsplanen blei godkjent.

#### **Sak 4 Diverse orienteringssaker**

- Info om skulen sine satsingsområde som i år er «Vurdering for læring» og "Læringsstrategiar". Elevrepresentantane kom med gode forklaringar på bruk av læringsstrategiar og kriterier. Vindafjord kommune er med i pulje 5 i den nasjonale satsinga for «Vurdering for læring». Me følgjer opplegget for heile kommunen.
- I 2007 vedtok SU og kollegiet på skulen i samarbeid rulleringsplan for lokale tema på skulen. Dette fungerer godt og me vil halde fram med dei same tema som me har hatt.  
Tema i år: "Vikebygd før og no"  
Kulturettermiddag blir 15. mars 2016. .
- Me har stabilt og godt kvalifisert personale i eininga.

### **Sak 5 Høyring om endring om vedtektene for kommunale barnehagar i Vindafjord.**

SU blei samde om dette:

#### SVAR PÅ HØYRING OM ENDRING AV VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR I VINDAFJORD §4

På Vik skule og barnehage har me hatt saka oppe på foreldrerådsmøte i barnehagen 08.09.15 og i samarbeidsutvalet for Vik skule og barnehage 15.09.15.

SU ved Vik skule og barnehage støttar forslaget om å gå over til eit barnehageopptak i året og fortløpande opptak gjennom året ved ledig plass. Me ser at dette kan gje eit dårlegare tilbud til foreldre som treng barnehageplass. Me meiner likevel det pedagogiske for barna som har barnehageplass, og det praktiske med å spare unødvendig administrasjon med å ha eit opptak, tel mest.

SU meiner det er sers viktig at kommunen sikrar og har kontroll på at barnehagane tar opp nye barn når det blir ledige plassar gjennom året. Dette gjeld både om barn sluttar, når barn reduserar tal på dagar og når barn som går i barnehagen blir 3 år og då tel for ein i staden for to.

### **Sak 6 Budsjettsituasjonen**

Budsjettsituasjonen ved eininga er OK.

### **Sak 7 Ymse**

Me hadde etter at innkalling blei sendt ut fått tilsendt forslag til skulerute for 2016/2017. Denne saka blei difor tatt opp under ymse.

SU gjekk inn for alternativ 1 med skulestart torsdag 18. august, siste skuledag før jul torsdag 22. desember og siste skuledag før sommarferien 20. juni. I alternativ 2 startar skulen måndag 15. august, siste dag før jul er tysdag 20. desember og siste skuledag før sommarferien er 19. juni.

**Anne Marte W. Tveit**

*skrivar*